



Referat

Frå styremøte 6. september 2015, Hotel Novotel Paris, Paris.

--

Til stades: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Linda Kristin Oppedal, Tor Inge Eidesen og Aud Fossøy.

Frå adm: Frode Alfarnes, Trude Soma Augestad, Tor Skeie Olsen og Romar Skeie Olsen

Sak 35/15 **Godkjenning av protokoll frå tidlegare styremøte**

Vedtak

Protokoll er godkjent

Sak 36/15 **Rekneskap pr. 31.08.2015**

Frode Alfarnes orienterte.

Inntekter på medlemskontingent er no fakturert og ligg litt høgare enn budsjett. Elles er det avvik på nokre postar;

- Kursutgifter ligg litt høgare enn budsjett.
- Forsikringar, manglar 25% som kjem i siste kvartal.
- Årsmøtet vart kr 100.000,- rimelegare enn budsjettert.
- Pensjon. Her vil det bli brukt kr 50.000,- av premiefond for skifte av forsikring.
- Marknadsføring/profilering, her er det brukt midlar på annonser og profileringsprodukt.
- Gåver, klokke er kjøpt inn og utgifter kan ikkje fordelast over år.
- Renteinntekter, nedgang i forhold til budsjett.

Vedtak

Rekneskap er teke til etterretning. Administrasjonen etterstrevar å ha kontroll på resultat etter budsjett ut året.

Sak 37/15 **Haustsamlingane**

Tor Skeie Olsen orienterte.

Invitasjon til haustsamling med kurs er sendt ut.

Til no er det meldt på 227 deltakarar og alle kurs er fullbooka.

Vi har budsjettert med 210 betalande deltakarar på haustsamlinga.

Spørreundersøkinga: Litt skremmande at så få har teke seg bryet med å svare på undersøkinga. Kan vera at tidspunktet ikkje er rett, spesielt for dei tillitsvalte. Moment å ta med seg til haustsamlinga.



Programbolkane vert som planlagt, då det er nok deltakarar på alle.

Smittevern: Viktig at vi har fokus på dette. Smittevern er på programmet, men ikkje i plenum. Temaet bør diskuterast i tillitsvalte og tilsette time. Laga må vera klar over problematikken. Det er det enkelte lag sitt ansvar å ha orden på dette.

Tillitsvalte/Tilsette sin time

Administrasjonen saman med Aud Fossøy og Finn Egil Adolfsen er med i tilsette sin time. Resten av styret er med i dei tillitsvalte sin time.

Følgje ein raud tråd gjennom samlinga. Bruke strategiplanen opp mot innlegget til Ingebrigt Steen Jensen.

Styreleiar/Dagleg leiar samling

Frode Alfarnes tek ansvaret for dagleg leiar samlinga, medan Harald Lie tek styreleiar samlinga i lag med styret. Finn Egil Adolfsen er ordstyrar på styreleiar samlinga.

Lagvis Gruppearbeid

Må ikkje fylle denne heilt opp slik at laga ikkje kan diskutere det som dei ynskjer. Skrivar og gruppeleiar vert valt ut av oss. Onedrive-dokument vert oppretta i god tid og link vert sendt ut til skrivar og gruppeleiar.

Vi bør ha med ein del ting frå spørreundersøkinga som forslag til diskusjonstema. Treng ikkje diktere, men bruke det om det ikkje vert diskusjon. Ha nokre punkt som ein kan starte med.

Fylkesvise samlingar

Sende ut litt informasjon i forkant til dei respektive fylka om kva som skal skje på desse samlingane.

Viktig at vi presisera at utsendingane representera heile fylket og ikkje berre talar for eige lag.

Vi må ut med informasjon om kven som sit i valnemnd og kor mange utsendingar fylket har m.m.

Tor Inge Eidesen leiar festmiddagen.

Vedtak

Administrasjonen redigerer innhald i punkt. Smittevern vert teke inn i tillitsvalde og tilsette sin time, men dette kan og vera tema på gruppearbeid.

Sak 38/15

Evaluering av Vårsamling

Tor Skeie Olsen orienterte.

Vedtak

Administrasjonen tek evaluering til etterretning

Sak 39/15

Oppfølging av arbeids- og strategiplan

Frode Alfarnes orienterte og styret gjekk gjennom punkt for punkt.

Prioriterte oppgaver i år er;

- Alle lag skal gjera ein solid eigeninnsats på verving av nye medlemmer.
 - Alle lag skal kontaktast, ein tar fyrst kontakt med dei som var på salskurs.
 - Fullføre ringerunde i september, bruker desse svara på haustsamling.
 - Referat kjem til styret.
- Alle Landbruksvikarar skal ha fått tilbod om kurs.
 - Alle fylker har arrangert kurs, men det er likevel lag som manglar kurs.
 - Liste over alle kursa skal leggast ut på nettet.
 - Oppsamlingsheat skal arrangerast med invitasjon til alle.
- Få på plass vakttelefon i alle lag.
 - Håpar på svar etter undersøkinga
- Vidare utvikling av prosjekt Webtemp.
 - 9 lag frå fyrste runde, 8 nye lag.
 - Kjem ikkje opp i 25 lag men det er viktig at vi har kapasitet å følgja opp dei som er med.
 - 5 av laga brukar Sunpro. Her er det viktig at integrasjonen kjem på plass.
- 60 % av laga skal ha aktiv heimeside.
 - 56 % har heimeside.
- 70 % av laga skal bruke same namn og profil.
 - 9 variantar av namn
 - 17 lag som har geografisk og LT som er styret sitt ynskje.
 - Vanskeleg å nå mål om 70 prosent når bare 17 lag har korrekt namn.
- Dekkja 60% av leigd arbeidskraft i landbruket
 - Vanskeleg å finna statistikk.
 - Usikre tal.
- Utviklingsprogram for tillitsvalde modul 2 og 3 skal gjennomførast.
 - Er gjennomført
- Vårsamling Scandic Hell, Værnes 28.-29. april.
 - Er gjennomført

- Haustsamling Scandic Hell, Værnes 20.-22. oktober.
 - Er under kontroll
- Vidare oppfølging og heidring av trufaste medarbeidarar i administrasjonen i laga.
 - Er under kontroll, og vert heidra på haustsamlinga
- Kåring av årets avløysar.
 - Er under kontroll, og vert heidra på haustsamlinga
- Kåring av årets lag.
 - Skal skje på Årsmøtet for 2015.
- Deltaking på ulike messer.
 - Er under kontroll
- Arbeide aktivt for å redusere tal på forsikringsskadar i medlemslag.
 - Skal i møte med meklar og forsikringsselskap der dette vert gjennomgått.
- Administrasjonshandbok; eit elektronisk oppslagsverk for administrasjonen som syner korleis ein skal halda seg til ulike situasjonar som oppstår. For eksempel; alvorlege hendingar, smitteberedskap med meir
 - Hovudbolkane er ok, manglar innhald.
 - Skal oppmoda medlemslaga til å komme med innhald.
 - Arbeidar med å få til ein nettbasert modul.
- Auka frekvens på innlegg på heimesida og Facebook.
 - Vert jobba med kontinuerleg
- Få fleire innspel frå laga til innhald i «firkanten» i Bondebladet.
 - Fått nokre innspel til å byrja hausten med, men må jobbast vidare med og kanskje takast opp i ein eller annan samanheng på haustsamlinga.
 - Alliere seg med eit lag som kan starte med ein firkant.
- Vera meir aktiv ut mot media for å få meir medieomtale.
 - Dette vert det arbeidd med kontinuerleg.
- Media / kommunikasjonskurs for DL og evt. styreleiar / andre i adm.
 - Tor har sjekka, det kjem nokre kurs i haust. Fordel om fleire i adm. og styret har kurs.
 - Krisehandtering.

- Ha ulike «fokusveker» som ein pushar ut til laga. Administrasjonen har ansvaret for dette.
 - Ikkje prioritert inntil vidare.
- Administrasjonen sender ut ei spørjeundersøking til styreleiarane i god tid før neste styremøte. Innhald her skal vera: Vakttelefon, heimeside, profil. Administrasjonen lagar til spørsmål, men styret kjem med innspel og godkjenner endeleg undersøking.
 - Gjennomført utsending, svarfrist 4. September.
- Administrasjonen skal lage til ei spørjeundersøking til alle DL som ein stilar om lag på same måte som undersøkinga til styreleiarane.
 - Gjennomført utsending, svarfrist 4. September.
- Ein ser at vi går glipp av ein del fora rundt om i landet då vi ikkje har eit fylkesledd. Kan det vera ein ide å få ein fylkeskontakt frå kvart fylke på haustsamlinga? Andre organisasjonar har litt vanskar med å få kontakt med oss når vi ikkje har ein fylkeskontakt.
 - Tek med oss dette til haustsamlinga til diskusjon på fylkessamling.
 - Lettare for organisasjonar lokalt i fylka å ta kontakt med oss om vi har eit fylkesledd, slik det er no vert det litt kjennskap og vennskap.
- Kor mykje styring skal adm/styret ta på fylkesvise samlingar på haustsamlinga?
 - Sjå sak 37/15
- Gabler/Willis
 - Informasjon på styremøtet under orienteringssaker.
- Annonsekampanje 1.veka i juni
 - Gjennomført, utan den heilt store responsen tilbake frå laga.
 - Spørje laga om det er kome inn pengar, ta dette opp på tilsette- og styreleiar samling.

Vedtak

Orientering er teke til etterretting

Sak 40/15

Orienteringssaker

A. Webtemp

Trude Soma Augestad orienterte.

Neste runde startar med kurs no på haustsamlinga.



Dei laga som brukar løysinga er stort sett positive. Det har vore nokre utfordringar med nye personar som kjem inn som vikarar i laget og ikkje har vore med på kurs.

Det er viktig at vi får informert om WebTemp på haustsamlinga. Trude Soma Augestad får ansvar for dette punktet.

B. Administrasjonshandbok

Tor Skeie Olsen orienterte om dette under sak 39.

C. Forsikringsmeklar

Frode Alfarnes orienterte.

Avtale med Willis er sagt opp og ny avtale er teikna med Gabler.

Vedtak

Orientering er teke til etterretning, administrasjonen gjev plass til WebTemp i programmet.

Sak 41/15

Referatsaker

A. Årsmøte Norges Bondelag

Linda Kristin Opedal og Bodil Mannsverk refererte.

Bra å vera til stades og ein fekk oppklara ein del.

Bodil hadde eit innlegg og ein replikk og vi fekk presentert NLT.

B. Årsmøte i Samvirkesenteret

Finn Egil Adolfsen refererte.

Det er dei store eigarane som står for dei største inntektene, kontingent er berre ein liten del.

Arrangerer kurs som kan vera interessante.

I førekant av Agroteknikk vert det arrangert frokostmøte med tema om organisasjonsbygging, Finn Egil Adolfsen møter for NLT på dette møtet.

C. Årsmøte i NBU

Harald Lie refererte.

Takka for samarbeidet i forhold til årets unge bonde.

D. Samarbeidsmøte men NLR

Frode Alfarnes refererte.

Har to møter i året. NLR møtte med to representantar, Mette Hågensen og Tone Budde Erichsen.

Det vart utveksla nytt frå organisasjonane.

NLR har i dag 39 lokallag, meininga er at dei skal ned i 10-12 lag.

Utviklinga innan HMS vart diskutert.

Møteplan vart gjennomgått for å hindre kollisjonar.

E. Generalforsamling NHO

Harald Lie refererte.

Harald Lie representerte NHO Mat og Drikke på Generalforsamlinga.

Lite debatt, mest faste postar. NHO Mat og Drikke er no ein stor del av NHO, dette er positivt.

F. Styremøte NHO Mat og Drikke

Harald Lie refererte.

Harald Lie representerer NLT i styremøtet

Petter H. Brubakk er tilsett som ny direktør, medan Gaute Lenvik er gått over i stilling som direktør nærings- og matpolitikk.

Det er mange utval som skal settast.

G. Landbruksvikarsamling

Romar Skeie Olsen refererte.

Samling for Hordaland og Sogn og fjordane, med over 50 deltakarar.

Positivt for landbruksvikarane å møta kvarandre til fagleg og sosialt påfyll.

H. Arbeidsmøte, Bondelaget, dyrevern

Bodil Mannsverk refererte.

Arbeidsmøte vart halde 4. juni med ca. 15 aktørar.

Det ligg store utfordringar innan kommunikasjon.

Nytt oppfølgingsmøte skal arrangerast der innspela vert teke med.

I. Årsmøte Studentforbundet Næring og Samfunn (SNS)

Aud Fossøy refererte.

Det er blitt mykje enklare å søkja om og rapportera kurs. Alt skjer på nettet.

SNS er ein viktig samarbeidspartnar for NLT.

Forslag til vedtak

Referat er teke til etterretning

Sak 42/15

Eventuelt

A. Utbetaling av ferie og fritid -refusjon

Det er kome forslag om endringar i utbetalingsrutinane for produksjonstilskott og refusjon ferie og fritid. Forslaget inneber at ein skal søkje i august med utbetaling i januar/februar. Dette vil seia at det kan gå nesten to år før bonden får refundert utgifter til avløysar. Bondelaget med i gruppe som skal sjå på dette. Dette må takast inn i diskusjon på haustsamlinga.

B. Nye forskrifter - sjukdomsavløyning

Søknadsrutinane er endra. Før kunne laga følgje opp søknadane. Slik det er lagt opp til no får ikkje laga innsyn i handsaminga. Vi må gjera laga merksame på dette. Søknaden slik den er blitt er eit skjemavelde på heile sju sider mot tidlegare to. Spørsmålet er om dette kjem til å fungere ute i kommunane der det er særskilt ulik kompetanse og ulike prioriteringar. Dette må takast inn i diskusjon på haustsamlinga.

Vedtak

Saker under eventuelt er teke til etterretning.